



Leikanger KYRKJELYDS BLAD

Nr. 3 - 2016 Årgang 70

Advent og jul i Leikanger



Oversikt over tilsette, kontaktadresser og telefonar:

ADMINISTRASJON LEIKANGER OG SOGDAL KYRKJEKONTOR

Besøks-/postadresse:
Kyrkjevegen 6, Stedjetunet, 6856 Sogndal
Tlf sentralbord: 57 67 99 85,
E-post: post@sogndal.kyrkja.no

KYRKJEVERJE:

Jorunn Merete Haukås-Eide
Telefon mobil: 404 76 682
E-post: kyrkjeverje@sogndal.kyrkja.no
jorunn.merete@sogndal.kyrkja.no

SOKNEPRESTEN I LEIKANGER OG NORUM:

Mikael Bruun (vikar)
mikael@sogndal.kyrkja.no
Tlf: 406 09 941

KYRKJETENAR/REINHOLDAR:

Cristina Sandor
E-post: cristinasandor82@yahoo.com
Tlf. 482 17 237

KANTOR:

Hallgeir Øgaard Westli
E-post: hallgeir@sogndal.kyrkja.no
Tlf: 940 03 834 Heimeside: www.hallgeir.com

SOKNERÅDSLEIAR:

Björg Anda
E-post: bjorganda@gmail.com
Tlf: 476 76 893

KYRKJELYDSPEDAGOG

Monica Ugulsvik
monica@sogndal.kyrkja.no
Tlf 906 17 319

LEIGE AV KYRKJELYDSHUSET:

Björg Anda
E-post: bjorganda@gmail.com
Tlf: 476 76 893

www.facebook.com/leikangerkyrkja

www.kyrkja.no Kyrkja sentralt sin nettstad

www.kyrkja.no/bjorgvin Bjørgvin

bispedømme sine heimesider

www.leikanger.kommune.no/kyrkja

Informasjon om Leikanger kyrkje, tilsette og gudstenesteliste

www.sogndal.kyrkja.no Informasjon om

kyrkja i Leikanger og Sogndal

www.kyrkjefolk.no

om boka Kyrkjefolk

LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

organ for Leikanger sokneråd

Redaktør: Egon Askvik

Redaksjonsmedarbeidarar: Signe Eikenes og

Kirsti Svangstu

Framsidediagram: Malgorzata Piotrowska

Kasserar for bladet: Reidar Tjønn

Layout: Elianne Eggum

Trykk: Husabø prenteverk

Framsidedo: Egon Askvik

Eit nådeår

"Et nådens år" er sett som overskrift over jubileumsåret for reformasjonen.

Nåde er eit av mange kodeord i den kristne trua. Kva betyr det? Me møter det i det gamle testamentet i samanhengar der ein overordna, ein herskar, viser velvilje mot ein underordna, eller ein dommar mot ein som er anklaga. Som i vårt uttrykk "å verta benåda".



Charis er det greske ordet me finn i det nye testamentet og som er omsett med nåde.

Det kjem av same stamme som glede.

I Luk.4 står Jesus fram i synagoga i heimbyen Nasaret. Han er tekstlesar. Han ropar ut gledebodskapen. Ropar ut ei nådeår.

*Herrens Ande har sendt meg for å ropa ut
at fangar skal få fridom
at blinde skal få sjå
for å setja undertrykte fri
og ropa ut eit nådeår frå Herren*

Nåde er at Gud møter oss gjennom alt Herren Jesus Kristus gjer og er. Han møter oss, ikkje med dom, men med kjærleik. Like til døden elsker han oss. Og han elsker oss, ikkje fordi me er perfekte og elskverdige. Han elsker oss akkurat slik me er, med våre sigrar og våre nederlag.

Kjell Sæter peikar på det urettvise i evangeliet. At Gud ser forbi det som me opplever som rettvis; nemleg at du får som fortent. Det er provoserande for alle som meiner dei har sitt på det tørre.

Det er nåde.

Heile Jesusforteljinga har dette urimelege i seg. Den unge Maria, den fattigslege fødestova, desse uteliggjarane på Betlehemsmarkene. Guds herlegdom lyser over dei som ikkje var noko.


Menneskesonen heldt seg med dei utstøytte og døyr mellom røverar. Og det mest urimelege: Det vert påstått at han er oppstaden frå dei døde og har vist seg for mange vitne.

Eg har i mange år vore vegleiar for praksisstudentar. Dei er ofte fokusert på at dei skal preika. Men liturgien er vel så viktig. I liturgien vender oss me til Gud og Gud vender seg til oss. Det beste kjem til slutt. Du kan aldri øva nok på å lysa velsigninga.

*Herren velsigne deg og vare deg
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred.*

Nåden vert gjeve deg, lagt på deg.
Guds andlet lyser av nåde og kjærleik.

Frå redaksjonslokala i prestegarden ynskjer me alle ei velsigna julehelg og eit nåderikt nyttår der me også viser kvarandre nåde.



Kjell prest takkar av - Har vore i kontakt med dei fleste

Som sokneprest i Leikanger i 17 år er det fåe heimar eg ikkje har vitja, anten det har vore i glede eller sorg. Kyrkja har ei stor kontaktflate og eg trur eg har lett for å kome i kontakt med folk. Eg ser på meg sjølv som sosial.

Kjell Sæter (65) har dei siste åra teke ut sokalla AFP (avtalefesta pensjon) og hatt redusert stilling som prostiprest. Fyrste sundag i advent i år takkar han av og blir pensjonist på heiltid. Fram til 2007 var Kjell sokneprest i Leikanger og det er naturleg at Kyrkjelydsbladet vil ha ein prat.

Når Kjell vert spurd om kva som er karakteristisk med Leikanger, tenkjer han seg om. Han trekkjer særleg fram naturen her, ei sørvendt strand mot sola. Ei strand med mykje lys der det gror og veks.

– Og så er her mange ressursar og gode impulsar gjennom tilflyttarar. Me har trivest her. Her har me kjøpt hus og her har me slått oss ned. Og her kjenner me dei fleste.

– *Kvifor vart du prest?*

– Eg hadde egentleg tenkt meg eit yrke der eg arbeidde med økonomi. Fleire av mine næraste kameratar byrja på teologistudiet og eg fylgde dei, utan at eg var så medviten om at eg skulle verta prest. Eg likte veldig godt teologistudiet. Forfattaren Jan Kjærstad har sagt at teologi er det beste allmenndannande studiet me har. Det kombinerer mellom anna historie, filosofi og språk – alt med Bibelen som sentrum.

På slutten av studietida mognast tanken på å verta prest.

Kjell fortel at han var nok litt skjelvande framfor presterolla. Særleg å skulle preike kvar sundag. Det har han alltid vore redd for og hatt respekt for. Han har trivest best som liturg.

– *Du har vore heile di prestetid i Sogn. Kvifor akkurat her?*


– Eg hadde nokre kriterier då eg byrja: Eg ville ikkje ha ei sokneprest-stilling, eg ville vera kapellan. Det måtte vera ein nynorsk-kyrkjelyd. Tenestestaden skulle helst vera mellom Sognefjorden og Romsdalsfjorden. I Sogndal var det ledig ei relativt fersk kapellanstilling. Det vert fortald at dåverande kyrkjeminister Kjell Bondevik sytte for stillinga tidleg på 70-talet. Og sidan har me blitt verande her i Sogn prosti. Også fordi kona mi, Bjørg, har hatt ein grei arbeidsplass her, på høgskulen.

– *Kva gir deg identitet som prest?*

– Eg ser på meg sjølv som sosial; eg kjem lett i kontakt med folk. Det er fåe heimar i Leikanger eg ikkje har vitja i dei 17 åra eg var prest i Leikanger. Den personlege kontakten ser eg på som viktig. Og så er det gudstenesta. Ho er navet i kyrkja, sjølv pulsslaget. Utan gudsteneste, inga kyrkje! Og gudstenesta er meir enn preika.

Det er kyrkjerommet, musikken, salmane, bønene, medarbeidarane, samlinga av dei truande. Me må halda på gudstenestene, også i tider med press på økonomien. Eg er skeptisk når det vert sagt at gudstenestetalet må ned, at det må effektiviserast. Ikkje ta vekk det som er og som konstituerer kyrkja, seier Kjell, som legg til at han også trivst som gravferdsprest.

– Her opplever eg at det er bruk for meg. Folk er takksame og gravferder er ein god stad å tala til folk – dei lyttar. Og eg må berre rosa folk i Sogn for måten dei sluttar opp om gravferdene på. Det er eineståande.



Kjell Sæter

Fødd 19.april 1951 på Vatne på Sunnmøre.

Nest eldst av fire sysken

Gift med Bjørg Tvetene 1976

3 born: Kjetil, Astrid og Audun

Volda gymnas 1968-72

Uttevslingsstudent i Mexico 1971

Barne- og ungdomsarbeidar i KFUK/M Sunnmøre krins 1972-73

Teologistudiet på Menighetsfakultetet 1973-80

Sivilarbeidar 1980-81

Kapellan i Sogndal 1981-90

Sokneprest i Leikanger 1990-2007

Prostiprest i Sogn 2007-2016

– Har du ei favorittforteljing frå Bibelen?

- Det er ei forteljing som står fram som svært urettvis. Det er frå Lukas 17 om farisearen og tollaren som gjekk opp til tempelet for å be. Det står om han som berre hadde synd og skam å koma med, at han gjekk rettferdig heim, den andre ikkje. Den andre hadde halde lova og levde gudfryktig. Det minner om ei anna historie frå Lukasevangeliet (kapittel 15) om den bortkomne sonen. Han kom til seg sjølv etter å ha øydd bort farsarven og tusla heimover. Det heiter: "Medan han enno var langt borte, såg faren han". Faren hadde jamleg vore ute og speida etter han.

Det urimelege evangeliet. Det kan verka urettferdig at det er dei som mislukkast som lukkast.

Som Søren Kierkegaard har sagt det: "Menneskets største fullkommenhet er å trenge Gud".

– Og kva med salmane?

– Det kan vera vanskeleg å trekkja fram ein salme. Det er så mange. Kyrkja er ein kulturberar. Tenk på all den gode poesien som held seg i fleire hundre år. Tonar som toler syngjast år ut og år inn. Ein av dei er "Sorgen og gleden de vandrer til hope" – den har eit sant innhald og er eit flott dikt. Elles prøver eg alltid å ha med minst to nynorsksalmar når eg har gudsteneste.

– "Mitt hjerte alltid vanker" har eg eit spesielt forhold til.

– Korleis?

– Det går attende til barndommen. Far min var i ein syskenflokk på tolv. Etter middagen julaftan samlast syskena og familiane deira hjå bestemor. Og det var fast ritual at me song dei tre fyrste versa av "Mitt hjerte alltid vanker" før bestemor reiste seg og las juleevangeliet. Etterpå vart dei siste versa sunge.

Samtalen med Kjell går mot slutten, men det er eitt spørsmål att:

– Får me sjå deg som prest på einkilde gudstenester eller gravferder?

– Eg har lova å ha gudstenesta på Leikanger sjukeheim julaftan, elles har eg gitt beskjed om at eg vil ha heilt fri fram til neste sommar, så får me heller sjå korleis det vert etter det.

KYRKJELYDSHUSBASAREN



Fullsett kyrkjelydsbasar med mange og flotte gevinstar



Konfirmantane Jessica og Andrea passar på at alt går rett føre seg

Torsdag 20. oktober gjekk den tradisjonelle basaren til inntekt for Kyrkjelydshuset av stabelen, og huset var fullsett av folk i alle aldrar. Basarnemnda hadde på førehand kontakta privatpersonar og bedrifter, som resulterte i svært mange og flotte gevinstar. Konfirmantforeldre og andre stilte opp med nydelege kaker og gjærbakst, og me fekk god hjelp av konfirmantar; Andrea, Jessica, Marcus og Sander, til åre- og loddsal.

Basarnemnda og soknerådet ynskjer å rette ein stor takk til alle som kom på basaren og gjorde dette til ein triveleg kveld, til alle som bidrog med gåver og heimebakst og til Mikael som heldt andakt. Netto resultat vart kr 30 000, som me er veldig godt nøgde med.

Jorunn, Tone, Tove og Bjørg



«Deilig er Jorden» – eller er ho egentleg det?

I år har vi hatt den flottaste hausten i manns minne på Vestlandet. Fagre fjell, haustfargar og spreke sogningar i Guds frie natur har vore gjennomgangstema på Facebook og Instagram. I andre medium har ikkje dette vore like dominerande. Valkampen i USA har vore av det skitne slaget. Konfliktane i Irak og Syria når oss i all sin gru; korleis er det å leve eit menneskeliv midt i kamptonene? Og kva er framtidsutsiktene? Kontrastane er store mellom det som skjer der og vårt eige landskap.

Det er snart jul, og vi tek fram julesongane og julesalmane. Kjende og kjære, og også i år stemmer vi i «Deilig er jorden». Innimellom er jorda «deilig» (eller «fager» - for dei som held seg til den nynorske gjendiktinga). Andre gonger opplever vi livet langt frå å vere «deilig».

«Deilig er Jorden»: I følgje Store norske leksikon og Wikipedia skreiv Bernhard Severin Ingemann denne salmen i 1850. Han kalla den «Pilgrimssang», og den er inspirert av ein tysk, katolsk folkesong frå 1600-talet. Folkesongen hadde endra seg gjennom hundraåra, vers vart lagde til og trekte frå avhengig av rådande verds- og himmelbilete. Ingemann tok tak i den delen som passa inn midt på 1800-talet og gav salmen eit reindyrka romantisk preg. Pilegrimsmotivet stod sentralt (Vårt Land 2015).

Ingemann skreiv på dansk, og den norske bokmålsversjonen er nesten identisk med den danske. Gunnar T. Rysstad gjendikta julesalmen til nynorsk i 1900. Både i Danmark og i Norge blir salmen først og fremst brukt ved juletider, mens den i Sverige ofte blir brukt i gravferder.

Deilig er Jorden er kanskje den mest populære av julesalmane våre. Mang ein julekonsert blir avslutta med denne salmen, og også i Leikanger kyrkje har det blitt ein tradisjon at mannskoret syng «Fager er Jordi» saman med publikum som avslutning på kyrjekonserten ein søndag i advent. «Very traditional» brukte organist Diccon Pearce å skriva i programmet. Likeeins vert gudstenesta juledag avslutta med at mannskoret syng "Fager er jordi".

Til tider kan livet synast tungt og verdssituasjonen dyster. Å syngja Deilig er jorden kan vera ein protest mot alt som bryt ned, alt det destruktive i tilværet. Songen gir håp. I slekt etter slekt har tonen frå himlen nådd ned til menneska. Det byrja den fyrste julenatt for nokre forfrosne gjetarar i eit okkupert land:
*Fred over jorden, menneske fryd deg
Oss er ein evig frelser født!*

Den fyrste julesongen.
Om frelsaren som er fødd. Som er vårt håp.
Som gjer at me kan syngja slik om jorda, også denne jula.

*Deilig er jorden, prektig er Guds himmel,
Skjønner er sjelenes pilgrimsgang!
Gjennom de fagre riker på jorden
Går vi til Paradis med sang*

*Tider skal komme, tider skal henrulle,
Slekt skal følge slekters gang.
Aldri forstummer tonen fra himlen
i sjelens glade pilgrimssang*

*Englene sang den først for markens hyrder;
Skjønt fra sjel til sjel det lød:
Fred over jorden, menneske, fryd deg!
Oss er en evig frelser født!*

Om du vil gjera dagen litt betre for ein som ikkje gler seg til jul, kan du gje to middagar ved å sende ein SMS med teksten «Glede» til 2490 (Kirkens Bymisjon) kr. 80.

*Tekst: Signe Eikenes
Illustrasjon: Malgorzata Piotrowska*



Tekst: Matias Askvik


Signe Eikenes har i fleire år hatt salmespalta i kyrkjelydsbladet.

– Eg er oppvaksen med salmar. På barneskulen song vi mykje, også salmar. Og så pugga vi salmevers, mange salmevers! Som vaksen forstår eg meir av innhaldet. Eg liker å syngje, og helst i ei fullsett Leikanger-kyrkje! "Salmer til alle tider" er eit fint radioprogram eg liker å høyre på søndagskvelden.

– Kva er favoritten mellom julesongane?

– Det er mange fine! Eg spelar mykje julemusikk i adventstida, og det varierer litt frå år til år kva som blir spelt mest.

Det lyser i stille grender har eg hatt med meg frå eg var lita, og den vil alltid vere ein favoritt!



Jula fortalt på nytt

I adventstida i fjor la kirken.no ut ei nyskriven juleforteljing for kvar dag. I år er dei 24 forteljingane samla i ei lita, raud bok som ber om å bli lese høgt frå.

Bak kvar si raude luke ligg dei små forteljingane, som skjøre julekuler pakka i glanspapir. Held du dei opp til lyset, tindrar kvar av dei på sin eigen måte. Mønsteret er kjent, men du kjenner det ikkje heilt: ved kvar og ei er noko annleis eller nytt.

Underet i natta

Jula er forventning. Pinnekjøt, gjentaking, barndom på nytt. Men òg ein liten nyfødd ein og eit esel ved

krubba. Strålar av lys, stjerner med meining og kviskring i natta. Mange av dei 24 norske forfatarane bak «I de dager... 24 julefortellinger» som Brynjulf Jung Tjønn har redigert, har lagt forteljingane sine til den velkjende stallen frå juleevangeliet, som Ruth Lillegraven, med «Maria fortel».

Likevel er vinkelen alltid ny. I Gro Dahle si forteljing, «Karoli» møter vi familien som får det siste rommet i herberget under manntalet. Dei får også eit barn, men barnet deira er ikkje Jesus, for Jesus ligg i stallen der soldatane nesten, men berre nesten, trampar inn på jakt etter bannlyste gutabarn. Ingrid Storholmen skriv fram Maria si første natt med Jesusbarnet. «Fødselsnatta er fluktnatta», skriv forfattaren, og skildrar dramatikken: «... fare er etter dykk, fare rid på ein raud hest». Maria undrar seg over det vesle barnet som inntil nyleg var ein del av henne. «Enno bivrar eg når barnet ser på meg, så nytt det blikket er, så gammalt, har det vore her før?»

Motiva er kjende, men her er dei kledde i nye ord og lagt til nye stader. Slik, på tvers av tusenåra, stig dei eldgamle undera fram for oss, ladde med ny meining – dei talar til oss. Dei opnar òg auga våre og røskar oss ut av juledøsen.

Ei påminning

«I de dager» er utan andre illustrasjonar enn dei nummererte «lukene» som skil tekstane. Boka har likevel eitt

fotografi: På innsida av den bakerste permen finn vi eit velkjent motiv: telt på telt, ei kvinne og eit barn på den skrinne bakken. To menneske som gjerne vil reise derifrå, men som ikkje skal nokon stad. Ganske sikkert vil dei som har gjeve ut denne boka minne oss om at vi lever i eit tid der millionar av menneske er på flukt. Mange av dei som har mista alt, har fått ein ny heim i landet vårt. Andre sit fast i eit tilvære på vent, i og nær landet som var Jesus sitt. Vi har eit ansvar, seier biletet. Kanskje er det slik kristne i vår tid kan å leve ut Jesus sin bodskap. Gjekk Jesus iblant oss i dag, er det mykje som talar for at han hadde valt Lesbos, Lampedusa, ein libanesisk leir eller den nyleg rivne «jungelen» i Calais der mang ei ferd mot nord har teke slutt.

Å strekke ut ei hand

Flukt står sentralt i den gripande forteljinga av Lars Petter Sveen. Vi møter tre barn på veg over eit stort hav. Før dei la utpå, kryssa dei ørkenen. Dei sat fengsla. Det dei kjem frå, vil dei aldri vende tilbake til. Når dei blir berga av kystvakta er det berre to att, og snart går det opp for Aisha og Cali at menneska på den andre sida av havet er i ferd med å sende dei tilbake. Som flyktningar før dei, gøymer dei seg i ein stall, men blir funne. Ein skapning viser seg for dei og for dei italienske politimennene som står klar til å gripe dei ulovlege flyktningane. «Ver ikkje redde. Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket. De kan frelse desse barna, de kan la dei få sleppe inn». Og så, nett like uverkeleg som ved eit mirakel, gjer den eine politimannen det – han ser til at dei finn vegen til fastlandet. «De er trygge her, Ære vere Gud i det høgste. Og fred på jorda blant menneske Gud har glede i».

Les for nokon

Det var ein glitrande idé av forlaget å la dei norske forfattarane boltre seg med den gamle forteljinga om jula og porsjonere tekstane ut på kvar dag i advent. Også mellom to permar kjem forteljingane til sin rett. Dei med sans for å opne luker kan leggje boka ved godstolen og hente ho fram etter Dagsrevyen. Har du derimot nokon du vil dele ho med, er dette ei bok som ber om å bli lesen høgt frå medan det knitrar frå vedommen. Les ho for ein kjærast, ei mamma, eit søsken eller for nokon som blir glad for besøk. Les for eit lite barn – barnet som «har med seg det evige, er i slekt med det, kjem frå det».

I de dager – 24 julefortellinger
Verbum forlag
Brynjulf Jung Tjønn (red.)

Er du fødd i 2006? Då kan du vere med på LysVaken

21. til 22. januar 2017 arrangerer vi LysVaken på Lyngmo.

Du som går i 5. klasse - altså dei som er fødd i 2006 - er velkomne til å bli med på dette superkjempe arrangementet.

LysVaken er felles for alle sokna i Sogndal og Leikanger.

Eigenandel: kr. 250,-

For meir informasjon, sjå www.sogndal.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA
Trusopplæringa i Sogndal og Leikanger

**LYS
VAKEN**

RUTH LILLEGRAVEN

Maria fortel

Det vesle barnet låg der på høyet i kledet eg hadde sveipt det inn i, og var så lite at det ikkje var til å tru. Og ikkje var det her barnet skulle bli fødd, ikkje i ein stall og ikkje så langt heimanfrå, men ikkje noko av dette betydde noko no, ikkje anna enn dette barnet, det vesle barnet som låg der i krybba med nevane så små, så små og auga så store, så store, barnet som var mitt barn, mitt og Josef sitt. Heller ikkje det var til å tru. Ikkje noko var til å tru, men på same tid var alt til å tru og alt til å skjønne, meir enn det hadde vore, for no hadde alt opna seg, opna seg som den vakraste kvite blome på den skjøraste, mest skimrande sommardag. Alt var sant og godt og stort. Ja, slik var det. For her var barnet, her var Josef og mitt sitt barn, og vakrare kunne det ikkje vore.

Det var då dei kom, gjetarane. Slitne var dei. Dei hadde gått langt. Med seg bar dei natta og månen, den kjølige lufta og den varme saueulla, alt som levde og ikkje levde der ute, medan vi låg her inne i dette nye. Gjetarane såg og såg på oss, og ikkje passa det seg at dei var der og ikkje at dei såg slik på oss, men eg sa ingenting, såg berre ned på barnet, på dei små nevane og dei store auga. Son min. Min son. Min. Min. Kva liv var det som låg inne i denne vesle kroppen og venta på å falde seg ut, opne seg som kvite blomen mot sommardagen? Kven er du? kviskra eg. Kven er du, vesle gut, og kven skal du bli? Måtte du berre bli god, sa eg så, og strauk han over kjaken. Måtte du bli god og audmjuk, måtte du klare å sjå fara etter alle som har gått før deg, og alle som skal kome etter deg.

Gjetarane stod der og prata med Josef, og eigentleg skjønna eg ikkje kva dei ville, kvifor dei var her inne. Kvifor let dei oss ikkje berre i fred, i slik ei stund? Eg likte ikkje at dei stod der, det fylte meg med kulde utanfrå, med alt som eg ikkje ville at det vesle barnet vårt skulle vite noko om. Men så tok Josef mennene med bort til meg. – Maria, sa han. – Desse gjetarane har noko dei vil fortelje oss. Eg sa ikkje noko, eg hadde ikkje noko å seie, ville berre at dei skulle gå, men det ensa dei ikkje. Dei byrja fortelje om eit veldig lys dei hadde sett, eit lys større og lysare enn noko anna lys, og om ein engel som så hadde vist seg for dei og snakka til dei. Eit barn var fødd i ein stall i Betlehem, hadde engelen sagt. Eit heilt spesielt barn. Så hadde eit kor kome og sunge. Og etter dette hadde ikkje gjetarane vore redde meir. Dei hadde bestemt seg for å reise og sjå om dei kunne finne eit barn fødd i ein stall i Betlehem. Så hadde dei gått og gått, heilt til dei kom hit. Til oss. Eg sa framleis ikkje noko. Josef verka skeptisk. Så vart det til at ingen av oss sa noko, og gjetarane, som no var komne heilt bort til oss, dei berre såg på det vesle barnet som låg der på høyet i kledet eg hadde sveipt det inn i, barnet som låg der og var så lite at det ikkje var til å tru. Så stod vi der, så sat vi der. I ring i kring han stod og sat vi, og berre såg og såg.

Ei av juleforteljingane i boka "I de dager - 24.julefortellinger". Attgjeve med løyve frå forfattaren.

Konsert

Trygve Skaug tek jula tilbake til stallen

Foto: Haakon Sundbø

Visesongar og mikropoet Trygve Skaug legg ut på juleturné igjen. Denne gongen tek han med seg erfaring frå møtet med ein stall i ein romlandsby i Romania.

Trygve Skaug er kjend som soloartist og som vokalist og låtskrivar i bandet StMorritz. Songane hans har det siste åra lege meir enn 100 veker på A-lista til NRK P1. Albumet «Seine Natt Desember» blei eit av det mest streama julealbuma førre året.

- Det er frigjerande å kle av musikken og tekstane, lag for lag, til du står att med ein flott gamal julesong og ein einsleg gitar å framføra den på, seier Trygve medan han stemmer gitaren for neste event på Aker Brygge.

- Eg har gjort veldig mange konsertar og eventar dei siste åra, eg har fått tilbakemeldingar på at bøkene og songane mine har fått bety noko for folk, det er utruleg stas. Men denne julekonserten ligg verkeleg mitt hjarte nær, og den budskapet ønskjer eg å formidla: ekte kjærleik tulla inn i ei krubbe og ein stall. Det er lite pompøst, det er ekte vare, seier han.

Gjennom desse åra har han arrangert mange av dei klassiske julesongane. Spesielt har songen «Her kommer dine arme små» fått ei ny mening. Skaug skreiv fleire

nye vers etter at han var på reise i Romania og vitja ein romlandsby.

– Eg blei utfordra i møtet med ei fattig mor som knapt hadde nok til å overleva, fortel Trygve.

Brorson snakkar i sin vakre salme om dei arme små som står i takksemd rundt krubba, og eg blei undrande på kven desse «arme små» er i dag. Dei som er fødte inn i fattigdom eller på feil stad til feil tid. Mora står nok ikkje i takksemd ved krubba, ho lurar vel heller på kvar i alle dagar Gud er. Det er desse menneska eg vil peika på i jula.

Konsertane er ganske enkelt med Trygve Skaug åleine, på strengar og tangentar.

- Jul handlar om Guds gåve til menneska, seier han. Himmelen gitt til jorda. Men den handlar og om at eg må forstå kva det bør få bety i min kvardag. Eg kan opna opp for å lata meg inspirera av Guds kjærleik, og gje noko vidare til folk som treng det.

Konserten i Leikanger kyrkje er tysdag 6.desember kl.19

**Bill kr.250 for vaksne Kr.150 for born under 12 år
Kjøp billetter på starofhope.no/konsserter eller ved inngangen.**



Guds ord invaderer mørket i verda

Johannes 1

6. juni 1944 var eit vendepunkt. Dagen er og kjend som D-dagen, og markerer byrjinga på slutten av den 2. verdskrigen. Allierte styrkar gjekk i land i Normandie i Frankrike og byrja frigjeringskampen av det naziokkuperte Europa. 2000 år tidlegare hende det eit anna vendepunkt vi har stadfesta gjennom evangelisten Johannes.

I opphavet var Ordet, Ordet var hjå Gud, og Ordet var Gud.

Han var i opphavet hos Gud. Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til. Det som vart til i han, var liv, og livet var lyset for menneska.

Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det.

Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda.

Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss. Og vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning.

Eg veit ikkje kva du som les dette tenkjer om jula, men eg trur at vi har mista eit ganske vesentleg aspekt ved høgtida vi no går inn i: det dramatiske. Jul er blitt så veldig koseleg. Det er julesong og juletre, kaker og julepresangar. Det er englesong og tende lys. Alt er så koseleg. Det vesle barnet i krybba, kva er vel dramatisk ved det?

Som i 1944 var dette òg ein invasjon. Vi må hugse på kva for tilstand verda rundt oss er i. Ikkje lenge etter skapinga skjedde det eit kupp. Vi menneske overgav makta til det vonde, til djevelen. Vi svikta Gud og tenkte at vi kunne klare oss utan han, vi tenkte at vi visste betre. Slik ga vi makta over til djevelen. Heilt sida den gongen har verda vore underlagt det vonde, og vi menneske har vore underlagt lova åt synda og døden.

Trass i dette høyrer vi Gud til. Vi høyrer ikkje til djevelen, vi høyrer ikkje til synda og døden. Difor, like lite som dei allierte kunne godkjenne ein tysk okkupasjon av Fastlands-Europa, kunne Gud gje løyve til denne okkupasjonen av det skaparverket Han elska så høgt.

Det som skjedde julenatt, verkar kan hende ikkje så dramatisk. Eit lite barn i krybba, englesong og hyrdingane på marka. Fred på jord. Det som verkeleg vert sett i gong, er ein kosmisk invasjon, ei krigserklæring. Det er Gud som seier at nok er nok, menneske skal bli sett fri. Gud kunne ikkje lenger lata det gå forbi i stillheit at vi var i makta åt djevelen. Hans meisterplan for å ta tilbake jorda vart sett i verk. Guds rike er kome, og det er kome for å bli.

Jula sin bodskap er ikkje først og fremst ei oppmoding om å pakke oss inn i ullteppet vårt med ein varm kopp kakao. Bodskapen gjer oss medvitne om vårt ansvar. Guds underfulle lys har ved Jesus Kristus kome til oss og invadert mørkret i denne verda. Det er ein kamp det er umogeleg å tape, for overalt der lyset vinn fram, trekkjer mørkret seg tilbake. Når Jesus Kristus lever i oss, då har vi sanneleg eit stort ansvar. Vi veit så vel at verda er fullt av mørker, så lat oss ikkje skjule lyset i oss, men spreie dette lyset og denne gleda over alt kor vi går, og slik jaga mørkret og fienden på flukt.

Mikael Bruun
Vikarprest

Illustrasjon: Malgorzata Piotrowska

Den gode arven frå Martin Luther

Den 31. oktober 1517 slo Martin Luther opp sine 95 tesar mot avlatshandelen. Dermed starta den rekkja av hendingar som vi i dag kallar «reformasjonen», og som kom til å endre ikkje berre kyrkjelivet men også samfunnslivet i Europa på fleire måtar.

Bortsett frå kristninga av Noreg rundt år 1000 er det inga anna hending som har hatt så mykje å seie for kva vi nordmenn trur og korleis vi lever saman som akkurat reformasjonen. Det er derfor all mogleg grunn til å markere 500-årsjubileet for denne hendinga i 2017.

Den store oppdaginga

I dette jubileumsåret skal vi takke for og fornye det aller viktigaste i arven frå Martin Luther, nemleg gjenoppdaginga hans av evangeliet om Guds nåde. Etter lang tids kamp fann han fram til at vi ikkje blir rettferdige for Gud ved våre gode gjerningar eller ved å vera særleg fromme, men berre på grunnlag av Jesu liv, død og oppstode. Og vi får ta imot dette som ei gåve gjennom dåpen og trua. Luther skildrar seinare i livet det sentrale i sitt reformatoriske gjennombrøt slik: «....at vi ikkje ved gjerningar, men gjennom trua på Kristus blir rettferdige og sæle».

Senk skuldrene

Dette evangeliet om nåden er ein god bodskap også for menneske i vår tid. Mange, og ikkje minst ungdom, opplever å bli møtt med både eigne og andre sine forventningar om å lukkast med skule, karriere, utsjånad og sosial status. Her blir kvar "sin egen lykkes smed". Summen av alt dette kan lett opplevast som nådelause krav, og mange kjenner at dei kjem til kort og strevar med å finne ei meining og eit grunnlag for livet som held anten dei lukkast eller ikkje. Til dei som kjenner det slik, trur eg Luther ville ha sagt: Senk skuldrene, rekk fram dine tomme hender, og ta imot det Gud vil gje deg: Nåde, tilgjeving for syndene, og eit liv i fellesskap med Gud som varer også etter døden.

Gud er miskunnsam mot oss, og vi er alle kalla til å gje Guds miskunn vidare i ord og handling. Våre gode gjerningar er i høgaste grad nødvendige, men dei skal ikkje gjerast for å vinne fortene og frelse hos Gud, men fordi medmenneska våre treng dei.

Viktige impulsar for det norske samfunnet

Arven etter Luther og reformasjonen inneheld også mykje meir, for eksempel hans lære om at alle kristne har ansvar for livet i kyrkjelyden, og at det kristne livet skal levast på den staden vi er sett i verda og ikkje i klosteret. Her ligg sterke impulsar som har vore viktige for at det norske samfunnet i dag er prega både av demokrati og ein stor grad av likskap. På den andre sida er ikkje alt Luther sa og gjorde like verdifullt. Det gjeld særleg det hatske utfallet hans mot jødane på slutten av livet sitt. Dette må vi i dag ta eintydig avstand frå og beklage.

Men mest av alt skal vi i 2017 lyfte fram og forkynne det evangeliet som frigjorde Luther og som også kan frigjere oss: Frelsa kan berre Gud gje oss, ufortent og av nåde. Det viktigaste i livet er ikkje kva vi får til, men kva vi får.

Halvor Nordhaug

Biskop i Bjørgvin



Foto: Jens Eldøy



Mikael hadde ein av kveldssamlingane på leiren

No er konfirmantåret godt i gong!

I år er det 31 flotte konfirmantar på Leikanger. Heile konfirmantåret fekk ein pangstart på leir. Her vart vi betre kjent med kvarandre, og med konfirmantar frå Kaupanger som og var med. Tema for Leiren var Back to basic, vi lærte og snakka litt om kven Gud er, og kven vi sjølve er. Vi malte gud, og laga kristuskransar, lekte saman, bada og hadde konkurransar. Det var ein kjekk start på konfirmantåret.

Vi har og hatt nokre samlingar i kyrkja kor vi har vorte betre kjent med kyrkjerommet og gudstenesta, og lært litt om kva nattverden er. Med eit så flott kull, ser det lovande ut for tida vidare også.

Fleire av konfirmantane har og vore medhjelparar på gudsteneste, og er også og sjå som kyrkjegjengarar. Dei gjer ein god innsats, og er eit flott konfirmantkull. Hugs på dei i bøn, og hels gjerne på dei når du er til gudsteneste.

Andreas Danbolt og Monica Ugulsvik
(hovudansvarlege for konfirmantundervisninga)



Bli-kjent bingo, Oline, Amanda-Marie og Veronica samlar underskriftene til dei som eksempelvis kan spele trompet, stå på hendene eller har ein katt.



Silje Veronica og Malin har innslag på leirkvelden. Andreas fekk bind for augene og gjekk feilfritt gjennom ei hinderløype av tomflasker, som aldri stod der, men det fekk han ikkje vite før etterpå. Mykje latter og moro.

Jessica, Sigrid og Adam hadde det kjekt med kanonball i den nye gymsalen på Lyngmo.

Silje Veronica og Ida Maria gav tommel-opp til bollar og kakao til kveldskos



Foto: Fedor Duhrmann

Sundag 4. desember kl. 20 inviterer konfirmantane, Mikael prest og Monica konfirmantlærer til lysmesse i kyrkja. Ikkje gå glipp av denne stemningsfulle stunda.

Bildet er frå lysmessa i 2015. Foto: Cristina Sandor



Leikangerkonfirmant



Andrea Alvik



Per Bjørk



Ida Maria Bruheim Borlaug



Veronica Borlaug



Kristian Fardal Hagheim



Solveig Röhde Hestholm



Kamilla Menes Hove



Vilde Oppedal Jacobsen



Nils Kristian Lunde



Sigurd Næss



Sander Sælid Njøs



Tor Magne Eiken Oppedal



Julie Venes Røysum



Per Søltnæs



Marcus Servold



Malin Thorsnes

antane 2016-2017



Bellinda Daniele Crisera



Jessica Daniele Crisera



Amanda Marie Dyngen



Silje Veronica L. GjØringbØ



Olav Himle Johnsen



Oline FlatabØ Kleiven



Sigrid Kristiansen



Dina Krosshaug



TorbjØrn StrØmseng Ophun



Sverre Linde RØyseth



Adam Grepstad RØysum



Andreas RØysum



Anna Torvund



Solveig Vagstad



Eirik Skrede Valvik

Be for
konfirmantane

Bakgrunnsfoto: Egon Askvik
Portrettfoto: Hallgeir Øgaard Westli



Å setje pris på det du har

Er det først når vi mistar noko at vi blir i stand til å sjå kva vi har?

Det finst mange uttrykk som fangar litt av det Hein Kvalheim formidla då han vitja Leikanger i oktober. «Count your blessings», seier britane, og siktar til at vi må vere glade for det vi har, og ikkje det vi manglar. I dette med det «halvfulle» eller «halvtomme» glaset ligg mykje av det same – at vi er nøyddet til å fokusere på det som er godt i liva våre i staden for å ergre oss eller sørgje over det vi manglar eller har mista. Men det som verkeleg grip dei som hørde Hein snakke, er truverdet han framfører denne budskapet med. For Hein Kvalheim er eit menneske som både manglar og har mista – men det hindrar han ikkje i å stråle som ei sol.

Skadd som 17-åring

Hein var klar for å starte i lære då alt i livet hans datt frå kvarandre. Berre 17 år gamal kom han ut for ei alvorleg

ulukke på motorsykkel. Skadane var slik at han ikkje kunne gå meir. I dag er han 50 år og bur i heimbyen Bergen. Han er gift og har to barn. Den vegen han hadde staka ut for seg sjølv i ungdommen vart aldri utforska; i staden byrja han på handelshøgskulen og vart økonom – ei utdanning han mellom anna har brukt i jobben som økonomisjef i Sjømannskirken.

Innstilling

Hein har sikkert, som alle andre, hatt sine mørke stunder, særleg med tanke på at han ikkje kan gå sjufjellsturen, sykle eller gjere noko så kvardagsleg som å sparke fotball med ungene sine. Den livsglade innstillinga han har i dag, er likevel ikkje innstillinga til ein mann som angrar, lengtar eller ergrar seg. Akkurat korleis han kom over kneika, dvelte han ikkje ved. Kanskje har han det i seg, dette med å sjå framover meir enn tilbake. At det var eit godt val, er han eit levande eksempel på.

Til toppen av Jøkulen

- Alle treng å bli elska, sa Hein. Og alle treng å kjenne at dei er til nytte. Då han for to år sidan var deltakar i

tv-programmet "Ingen grenser" på TV2, forserte han Hardangerjøkulen saman med eit følgje der alle bar ei ekstra bør i form av sjukdom, skader eller fysiske handikap. I føredraget sitt viste Hein videosnuttar som fekk tårene til å trille hjå publikum. Ei jente med hissig leddgikt gret hjarteskjerande ein gong på turen. Det viste seg at det ikkje var fordi ho hadde slite seg ut på å slepe og dytte andre, slik ein gjerne kunne tru. Kjenslene rann over fordi ho aldri tidlegare hadde opplevd at andre trong ho.

Blikket fram

Det Hein fekk vist og sagt, er kor lite det nyttar å vende blikket bakover. Uansett kva som skjer med oss og liva våre er, blir dei betre om vi fyller dei med mening. Festar ein blikket framfor seg ein stad, gjerne på eit hårete mål eller noko ein nesten ikkje torer å utsetje seg for, kan kjensla av mening attpåtil bli sterk. Nokon let seg kanskje provosere av TV2 sin programtittel «Ingen grenser», eller av at alt skal vere mogleg når det er openlyst at noko er nesten umuleg. Men ute i det bratte terrenget, i tåka og silregnet, medan dei sleit verre enn dei hadde gjort nokon gong, erfarte Hein og turkameratane hans at grensene for det kroppen kan make ikkje er ein fast storleik. Grensene er førestellingar vi har laga for å beskytte oss sjølve. Dei hjelper oss kanskje å gjere tilveret litt meir trygt, men det blir òg trangt.

Er det noko ein kan lære av dei som utset seg for så krevjande situasjonar som Hein, er at grenser kan skrotast og store hinder kan kryssast. Men Hein fortel ikkje ei heltesoge. Han kom seg ikkje til toppen av fjellet åleine. Vi treng vi kvarandre.

I.A.H.



I samband med Fruktbare dagar vitja Hein Kvalheim Leikanger. Det var også innslag ved distriktsmusikarane, Bjørn Gisle Seter og Irina Tarasova. Her er Bjørn Gisle i aksjon.

Foto: Opplev Leikanger

! Også i år vert det julekonsert med denne kvartetten.

Sjå omtale på side 24.





Korleis styrka fellesskapen i kyrkjelyden? Bildet er frå Skjærtorsdagsgudstenesta 2016. Keldsmat med langbord i kyrkja. Foto: Matias Askvik

Diakoni - kva er det?

Mange har høyrte om diakoni og veit at det har noko med kyrkja å gjere. Men kva er det og korleis kjem det til uttrykk her hos oss?

Diakoni handlar om nestekjærleik og diakonitenesta er kyrkja si omsorgsteneste.

Alle sokneråd skal ha ein plan for det diakonale arbeidet. Leikanger sokneråd er representert i diakoniutvalet i Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd. Utvalet er eit samarbeidsorgan og ein støttespelar til diakonen si teneste. Diakonen har det daglege arbeidet sitt i kyrkjesokna i Sogndal kommune, men er også ein ressursperson i det diakonale arbeidet i Leikanger sokn.

I mandatet for diakoniutvalet heiter det: Utvalet skal halde fram å løfte opp diakonale utfordringar; i sokneråda, i kyrkjelydane og i samfunnet elles, med særleg fokus på nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kampen for rettferd og vern om skaparverket. Dette kan mellom anna skje gjennom gudstenestefeiring, diakonale tiltak i kyrkjelyden, vurdering av lokale samfunnsmessige utfordringar, og i samarbeid mellom kyrkja, lokale aktørar og samarbeidspartnarar.

Utvalet bidreg altså til å løfta fram utfordringar både i dei einskilde sokna og som er felles for sokna. Nett no driv utvalet med ei kartlegging for å sjå kva omsorgsbehov som finst i ulike deler av bygdesamfunna. Til dømes ser vi på kva tilbod som finst for dei eldre i sokna våre og kva som manglar. Er det behov som kjem under det

diakonale arbeidet og som vi kan ta tak i? Er det nokon som fell utanfor fellesskapet og som vi kan jobba for å inkludera? Nestekjærleik og inkluderande fellesskap er viktige nøkkelord her.

Andre i samfunnet kan ha andre behov, og vi tar gjerne i mot både forslag til kva som trengst og ikkje minst frivillige til teneste. Å engasjera frivillige til denne omsorgstenesta er nemleg også ein viktig del av diakoniutvalet sitt arbeid

I vårt sokn blir det i dag drive ein god del diakonalt arbeid. Tysdagstreffa på kyrkjelydshuset annakvar veke og babysongen er nokre døme. Det same er 13.dagsfesten 6.januar som soknerådet skipar til. Kyrkjelydsmiddagen annakvar tysdag har vore ein stor suksess og vi vonar å kunne vidareføre denne, men kanskje i ei litt anna form. Det er og planar om ei skyssordning for dei som ikkje kjem seg til gudstenestene for eiga maskin. Og i løpet av førjulstida vil vi etter suksessen i fjor arrangera ei "fargerik førjulsamling", der våre nye landsmenn er særleg velkomne.

Diakonutvalet ynskjer alle ei omsorgsfull og inkluderande førjulstid!

Åse Kongsvik




Fargerik førjulsamling

Soknerådet med gode hjelparar inviterer til Fargerik førjulsamling i Kyrkjelydshuset

laurdag 17. desember kl. 15-17.

I år som i fjor legg me opp til ei uformell samling, med norske og sydlandske smakar. Du som er ny i bygda og du som har lyst å bli kjent med nokre av våre nye sambygdingar er særleg velkomen.

Arr: Leikanger sokneråd



"Ei diakonal kyrkje lyfter fram nestekjærleiken, byggjer inkluderande fellesskap, kjempar for rettferd og vernar om skaparverket"

Diakoniutvalet for Sogndal og Leikanger

Helsing frå fellestrådet og kyrkjeverja

Stenging av bårehuset

På grunn av store fukt- og muggproblem, har me vore nøydde til å stenge toaletta og bårerommet i bårehuset ved kyrkja. Me har hatt problem med dette over tid, og no var me diverre komne dit hen at bygget måtte stengast for bruk. Som ei mellombels løysing får me bruke kjølerommet på aldersheimen til å setje inn bårer. Der er det i dag plass til ei kiste/båre om gongen. Skulle det bli behov for meir enn det, vil ein i tillegg kunne nytte bårerom og kjølerom t.d. ved Ølmheim eller Stedje kyrkjer.

Det er elles eitt toalett i kyrkja, ved sida av sakristiet, som kan nyttast ved behov under arrangement i kyrkja. Me beklagar den ulempa dette vil medføre for kyrkjelyden, og vonar me saman med kommunen vil klare å finne ei god løysing for framtida.

Ringeanlegg på Husabø kyrkjegard

Det er innkjøpt og montert ny kontroll til ringeanlegget på Husabø kyrkjegard. Den gamle fungerte ikkje lenger, men no vonar me dette skal vere i orden att.

Parkeringsplass og bautastein

Etter avtale med soknerådet og kyrkjekontoret har Leikanger kommune no asfaltert parkeringsplassen attmed kyrkja og flytt bautasteinen bort attmed porten inn til kyrkjegarden. Grusen ved inngangen gjorde til at ein drog mykje skit med seg inn i kyrkja, og gjorde reinhaldet vanskeleg. Bautasteinen, med namn på tidlegare prestar, stod også plassert slik at den tok opp ein parkeringsplass. No håpar me at både parkeringstilhøva og reinhaldet skal bli enklare.

Betaling for gravlegging av kister og urner

Det har den siste tida vorte innført betaling for gravlegging av kister og urner for utanbygds personar på kyrkjegardane våre. Dette er vanleg mange stader. Økonomien til kyrkja og fellestrådet gjer at me difor har sett oss nøydd til å innføre dette her hjå oss no. Utanbygds personar har ein i denne samanhengen definert som personar som ikkje er folkeregistrert i kommunen, men med fritak for betaling dersom avdøde har vore busett utanfor kommunen på grunn av sjukdom eller alderdom siste 5 åra. I samband med slik kistenedsetjing eller urnenedsetjing tek ein ikkje i tillegg betalt for eventuell bruk av kyrkja/lokalet.

Det er frå før innført betaling for vigsel av utabygds brurefolk. Ein finn betalingsattsane på heimesida vår: www.sogndal.kyrkja.no

KA-Landsråd

Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon (KA) er kyrkja og mange andre kristne organisasjonar sin medlemsorganisasjon. KA er leia av eit landsråd som blir valt av medlemmane, og har ei funksjonstid på 4 år. Det skal no veljast eit nytt landsråd for perioden 2017-2021. Val av landsrådsrepresentantane skjer på dei regionale kontaktmøta som blir arrangerte i alle bispedøma,

og landsrådet vert sett saman av representantar frå alle bispedømeområda. Til desse kontaktmøta og vala kan kvart fellestråd møte med eit visst tal delegatar med stemmerett, ut frå kor store dei ulike fellestråda er. For Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd har ein høve til å møte med 2 delegatar med stemmerett. Kontaktmøtet i Bjørgvin bispedøme vert 24. november, og fellestrådsleiar Per Hilleren og nestleiar Bjørg Anda vil møte der. Per Hilleren er også nominert som kandidat til valet til landsrådet for KA. Det er første gong nokon frå vårt område står på val til landsrådet, og det hadde vore veldig kjekt om me kunne fått valt inn ein representant der. Det blir difor spennande å sjå utfallet av dette valet.

Avskilsgudsteneste for Kjell Sæter

I 35 år har Kjell Sæter vore kapellan, sokneprest og prostiprest i Indre Sogn. Den 27. november kl. 11.00 blir det avskilsgudsteneste i Stedje kyrkje i Sogndal for Kjell prest.

Ei lang presteteneste skal no avsluttast, og me ynskjer å takke Kjell så mykje for det store og engasjerte arbeidet han har lagt ned i kyrkjelydane våre. Møt gjerne fram til avskilsgudstenesta og markeringa i Frelsesarmeen sine lokale etterpå.

Til slutt vil eg gjerne få ynskje dykk alle ei velsigna jul.

Venleg helsing

Jorunn Merete Haukås-Eide kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger





"Kyrkja skal vere eit fellesskap som er prega av likeverd, deltaking og respekt for mangflad" Bildet er frå Borna sin påskefest 2016, med 6-åringar,dåpsborn og konfirmantar.

Foto: Egon Askvik

Litt frå soknerådet

Soknerådet har mange ulike arbeidsoppgåver og eit breitt ansvarsområde. Soknerådet skal mellom anna vedta mål og planar for soknet, t.d. diakoniplan, og organisere aktivitetar. Soknerådet vel representantar til utvalet for diakoni og trusopplæring, som er felles for Leikanger og sokna i Sogndal. Det er soknerådet som har ansvar for bruk av kyrkja og utleige av denne. Vidare vedtek soknerådet den lokale grunnordninga for gudstenestelivet og føremål for kyrkjeofringar.

Kyrkja skal vere eit fellesskap som er prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald. Vi ynskjer at det skal vere låg terskel for å kome til kyrkje, og trur at kveldsgudstenestene «Salmar og kaffi» bidreg til dette. Vidare er det viktig å involvere konfirmantane og andre frivillige medarbeidarar under gudstenesta.

Mange set stor pris på at det er rom for flotte musikalske opplevingar i kyrkja, både som eigne konsertar, men òg som ein del av gudstenesta. Langfredag var det pasjonskonsert med Ensemblet FJOR og Sigmund Njøs Hovind, med 152 fram møtte. Kyrkja var meir enn fullsett under konsertane til Askvik5 med vener i sommar og i oktober. Desse konsertane gjorde sterkt inntrykk på folk.

Soknerådet har òg gått saman med andre lag og organisasjonar om tilskipingar, som Fleirkulturell dag i Saften i februar og opningsarrangementet under Fruktbare dagar.

Eg vil nytte høve til å takke alle frivillige som stiller opp og gjer ein stor innsats for kyrkja i ulike samanhengar.

Ynskjer alle ei god og fin adventstid.

Bjørge Anda
soknerådsleiar





8-åringane vart "Tårnagentar"

Stad: Stedje kyrkja Tid: Laurdag 19.november 2016

Kven: 8-åringar frå Leikanger, Stedje, Kaupanger, Norum og Færland

Å vera Tårnagent er eit heilt spesielt oppdrag som kyrkja gir til dei som fyller 8 år. Kyrkja treng hjelp frå gode agentar til å stille spørsmål og undre seg over rare innskripsjonar og tegn/symbol i kyrkja, og i kyrkjetårnet.

Heile laurdag føremiddag gjekk med til å utforske kyrkja og gjennomføre ulike oppdrag. Agentane fekk høyre og sjå korleis ulike kristne symbol ser ut og undre seg over kva dei betyr. Dei som ville fekk klatre opp i tårnet og spele på klokkene, som har hengt der i mange hundre år. Dei måtte samarbeide om å bygge eitt tårn, lage ei eiga bøsse ein kan legge pengar i, pengar ein kan gje vidare til nokon som treng det meir enn oss sjølv. Ein Tårnagent har eit vakent blick og ope hjarte i jakta på det egentlege mysteriet, Jesus.

Tårnagenten kan hjelpe andre opne augene for det gode og for at mystikken i kyrkja kan bli mindre mystisk og meir til hjelp for trua vår.

Monica

KONSERT

Julesong 2016

Som i fjor har Einar Bolstad, Kari Malmanger, Inge Ronny Kvåle og Bjørn Tore Årøy saman med songtalentet Gunn Marit Kvåle laga til ei framsyning, eller konsert om ein vil, som høver til advents- og førjulstida i Sogn. Prosjektet vert kalla Julesong 2016.

**Det vert konsert i Leikanger kyrkje måndag
5.desember kl.18.00**

Kari Malmanger vil m.a. bidra med tradisjonsstoff frå folkemusikk og salmar, medan **Einar Bolstad** syng

fleire av dei mest kjende julesongane, og andre songar som høver i førjulstida. Songtalentet **Gunn Marit Kvåle** er med som spesiell gjest og syng frå sitt flotte julereportoar.

Bjørn Tore Årøy på piano og **Inge Ronny Kvåle** på diverse strengeinstrument vil vera med på å kle songane i ei drakt som vil høva i kyrkjerommet, og som vil skapa ei god og lun stemning i adventstida. **Trond Øyre** vil syta for god lyd og vakker lyssetjing av kyrkja.

Det vert berre nytta lokale krefter til desse konsertane, samstundes som ein held kvaliteten på høgaste nivå. Set gjerne av kvelden slik at du kjem i julestemning i år, du òg .



EGON ASKVIK
KYRKJEFOLK



Brukar boka "Kyrkjefolk" på soknerådsmøta

Då det nyvalde soknerådet i Stedje var samla til sitt første møte seint på hausten i fjor, fekk alle medlemmane ei gåve frå det avtroppande soknerådet: kvar sitt eksemplar av Egon Askvik si bok, «Kyrkjefolk».

Det å vera i soknerådet var eit nytt verv for dei alle fleste, og på vårt første møte snakka vi saman om kven vi var, om oppdraget vårt som sokneråd, og om mangfaldet mellom menneska i kyrkjelyden. Då kom det fram ein ide: Kva om vi nyttar boka «Kyrkjefolk» som satsplanke for å halda fram denne samtalen gjennom det komande året, og slik også bli betre kjende med kva som betyr noko for den einskilde, kva vi brenn for og tykkjer er viktig?

Og slik vart det. Til kvart møte gjennom dette første året har to av medlemmene innleia til ein kort samtale ved at kvar av dei presenterer to av personskildringane i boka. Først ein som dei kjenner seg att i, som dei har mykje til felles med, eller som sa noko som gav mykje gjenklang. Deretter ein som utfordra dei, ein som dei tykte var vanskeleg å forstå, eller som dei ikkje kjende seg heilt att i.

Ut frå dette har det blitt mange spennande innleiande samtalar før vi har gått laus på saklistene. Samtalar om kva det er å vera kyrkjelyd og om å vera sokneråd. Om å vera kyrkjefolk, rett og slett. Takk til Egon og alle som er med i boka!

Kjell Olav Høstaker Nordheim

KYRKJEFOLK er også presentert på www.kyrkja.no med utdrag. Gå inn på nettsida og sjå.

Luciafrukost i kyrkja tysdag 13. desember kl 07.00

Luciadagen vert feira med frukost i kyrkja kl.7. Lucakoret kjem inn i den mørklagde kyrkja og syng Santa Lucia og og fleire songar. Me bed Fader Vår (Vår Far) og tenner lys. Og så er det lussekattar, kakao, saft og kaffi.

Me treng born, konfirmantar og vaksne til Luciakoret. Kantor Hallgeir og Anita Instefjord håpar på godt frammøte til øving i kyrkja torsdag 8.desember kl.18.00.

Send gjerne ein epost til hallgeir@sogndal.kyrkja.no og meld på med namn og alder, eller berre møt opp torsdagen.

Born kan ha med seg kvit kappe. Konfirmantar og vaksne får.





trygve skaug
Seine Natt
Desember
juleturné

Kjøp billetter på stasfiske.no/konserter



Julespelet

Også denne jula vert det julespel i kyrkja kl.12.00,14.30 og 16.00. Ingrid Askvik er instruktør også i år og resten av askvik5 tek del på ulikt vis.

Det trengst folk i desse rollane:

- Maria og Josef med Jesusbarn
- Augustus
- Kvirinius
- 2 soldatar
- 12 englar (min. 9, maks. 14)
 - minst 2 vaksne
 - minst 4 born
 - konfirmantar

- 7 gjetarar (min. 5 maks. 8)
 - maks. 3 born
 - minst 1 vaksen
 - konfirmantar

Øvingar:

Torsdag 15.des kl.18-20: englar og gjetarar

Tysdag 20.des kl.19-20: Øving med soldatar, Augustus og Kvirinius i kyrkja

Torsdag 22.des kl.18: Generalprøve alle grupper

Send gjerne epost til easkv@online.no om du kan vera med, og i kva rolle.

Gratisbilletter:

Også i år vert det utdelt "gratisbilletter" til dei tre gudstenestene i kyrkja.

Soknerådsmedlemer vil sitja på Saften i samband med opning av julegate/tenning av juletree

laurdag 26.november kl.15 og dele ut. Etter det vert billettane lagt i våpenhuset i kyrkja og kan hentast der. Hugs å skriva deg inn i manntalet - og ikkje ta fleire billetter enn du treng (legg dei so fall attende).



ADVENT OG JUL I KYRKJA

Laurdag 26.november

Tenning av julegran kl.15 ved Saften. Utdeling av billetter til julafta kl.12.00,14.30 og 16.00 Tiloversbilletter vert lagt i våpenhuset i kyrkja.

Sundag 27.november

Kl.11.00 Fyrste sundag i advent. Adventgudsteneste i kyrkja. Vikarprest Mikael Bruun.

Sundag 4.desember

Kl.20.00 Lysmesse i kyrkja. Vikarprest Mikael Bruun og kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik. Konfirmantane tek del.

Måndag 5.desember

Kl.18.00 Julesong 2016. Konsert med Kari Malmanger, Einar Bolstad m.fl.

Tysdag 6.desember

Kl.19.00 Seine natt desember. Ein annleis julekonsert med Trygve Skaug.

Torsdag 8.desember

Kl.18.00 Kort øving for dei som vil vera med i Luciakoret tidleg morgon i kyrkja 13.desember

Sundag 11.desember

Kl.18.00 Julekonsert i kyrkja. Lokale kor og korps tek del. Kollekt.

Tysdag 13.desember

Kl.07.00 Luciaoptog i kyrkja. Frukost med lussekattar, kaffi, kakao og saft.

Torsdag 15.desember

Kl.18-20 Øving med englar og gjetarar til julespelet i kyrkja

Tysdag 20.desember

Kl.19-20 Øving med soldatar, Augustus og Kvirinius i kyrkja

Torsdag 22.desember

Kl.18 Generalprøve for julespelet, for alle gruppene, i kyrkja



Julaftan

Kl.12.00 Julegudsteneste på Leikanger sjukeheim

Kl.12.00 Julenatt i Leikanger. Kyrkja. Kollekt til Kirkens Nødhjelp

Kl.14.30 Julenatt i Leikanger. Kyrkja. Kollekt til Kirkens Nødhjelp

Kl.16.00 Julenatt i Leikanger. Kyrkja. Kollekt til Kirkens Nødhjelp

Juledag

Kl.12.00 Høgtidsgudsteneste i kyrkja. Ungdomsprest Andreas Danbolt og sokneprest Egon Askvik. Leikanger mannskor tek del. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

Nyårsaftan

Kl.16.00 Minnegudsteneste i kyrkja. Me minnest dei som er døde i 2016. Vikarprest Mikael Bruun.

Juleevangeliet

Luk.2,1-20

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom for dei i herberget.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over sauene sine om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som hørde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

*"Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede"
Marion var engel i julespelet i 2015*

Glede og sorg

Døyppte

21.08.2016 Viljar Ugulen Bækken Døyppt i Hemsedal kyrkje
18.09.2016 Frida Steinsøy Kvam
18.09.2016 Thea Holen
02.10.2016 Storm Røysum Petty
23.10.2016 Eimund Vatnehol

Vigde

03.09.2016 Mari Sofie Johanne Sandvik og Tarjei Gjelsvik

Gravlagde

01.09.2016 Dmitry Gubkov
02.09.2016 Sigmund Olav Langeteig
07.10.2016 Janny Losnedal
15.11.2016 Oddny Wathne
18.11.2016 Anna Bruntveit Njøs

Gje ei julegåve i kyrkja

Me har ein fin tradisjon julafta i kyrkja. Me kan få gje ei julegåve til menneske som treng det mest. Kirkens Nødhjelp arbeider i ulike verdsdelar, med naudhjelp og med langsiktig hjelp. Akkurat no er det ei langvarig, akutt krise i Syria. Og orkanen har på nytt herja i det lutfattige landet Haiti. Kirkens Nødhjelp er inne i desse områda, saman med andre naudhjelpsorganisasjonar.

Hugs kontantar til kollekten i kyrkja på dei tre gudstenestene i kyrkja julafta



Generalsekretær Anne-Marie Helland under eit besøk til en flyktningleir i Serbia.
Foto: Lucian Muntean / Kirkens Nødhjelp.



EGON ASKVIK
KYRKJEFOLK



Det er få eksemplar att av
1.opplag av boka Kyrkjefolk.
Kan bestillast på epost
easkv@online.no
Kr.349, + kr.100 i porto

Kan hentast portofritt i kyrkja

 **LEIKANGER Fjord Hotel**

Tlf: 57 65 60 20



Leikanger Auto

Leikanger auto

Telefon 576 53 100

post@leikangerauto.no
www.leikangerauto.no

Aarskog

bakeri og konditori AS

Telefon 576 53 422

**SOGNEFJORD
HOTEL** 

Tlf: 57 65 11 00


Sogn 
gravferdshjelp

Telefon: 57 68 14 77 (heile døgnet)
E-post post@sogngravferdshjelp.no

Kjell Grønli
Hans Magne Kvåle
Hege Urnes
Ingar Husum



sparebanken
sogn og fjordane
Tlf: 57 82 97 00
www.ssf.no



Sogn Kontorsenter

Leikanger - Årdal
57 67 66 99

www.sognkontorsenter.no

KIWI mini
pris

TIPPING - RIKSTOTO
08-22 (20)

**coop
prix**

Oppslagstavla!

BABYSONG STARTAR OPP ATT

Neste semester med babysang startar opp torsdag 2. februar, møtast oddetalsveker utanom påskeveka, fram til og med 10.mai



JULEFEST

Soknerådet skipar også denne jula til julefest i kyrkjelydshuset på 13.dag jul. 6.januar kl.17. Her vert det julesongar, andakt, mat og gong kring juletreet. Inngangspengar kr.50

TYS DAGSTREFFET I 2017!

Annakvar tysdag. Startar med trim kl.11.30 og varm mat kl.12.00

Januar: 17. og 31.

Februar: 14. og 28.

Mars: 14. og 28.

April: 18.

TAKK TIL DEI SOM BIDROG UNDER FASTEAKSJONEN

Komiteen som arrangerte fasteaksjonen 2016 takkar alle som bidrog under aksjonen 23. mars. Takk til gjevarane som ga pengegaver til reint vatn i fattige land, bøssebærarane som gjekk frå dør til dør og samla inn, foreldra som stilte som sjåførar, og Aarskog bakeri og Coop Prix som ga deilig bakverk, kakao og kaffi til bøssebærarane og foreldra deira. Innsamlingsresultatet var kr.47.536,-

ØNSKJER DU SKYSS TIL GUDSTENESTENE?

Soknerådet organiserer køyring til gudstenestene for dei som treng skyss. Vi hentar på døra og køyrer heile vegen heimatt etter gudstenesta. Tilbodet er gratis. Dei som ønskjer å bruke tilbodet eller har spørsmål kan ringe Sindre Børshheim Ramung (976 82 499) eller Bjørn Søltnæs (476 49 119). Gratis inngang.

Over Stjernebru

Kveldstonar ved Sognefjorden



askvik5 og gode vener

Plata "Over Stjernebru" vart spelt inn i Leikanger kyrkje sommaren 2016 og lansert på konsert 7.oktober. askvik5 og gode vener syng kveldsalmar, songar og båndullar. Publikum er også med på nokon av songane.

Plata er til sals og kan bestillast på epost easkv@online.no eller sms 90763554 eller ring 91185534.

Plata kostar kr.169 + porto. Kan hentast portofritt i kyrkja.

MIDNATTSKONSERTEN JULEDAG
Tradisjonen tru har Leikanger musikklag midnattskonsert juledag kl.23.

Kollekt til musikklaget ved utgangen.

KYRKJEKALENDAR

Desember 16-april 2017

NOVEMBER/DESEMBER

Sundag 27.nov 1. søndag i advent

Kl.11.00 Adventgudsteneste i kyrkja.

Vikarprest Mikael Bruun og kantor Hallgeir Øgaard

Sundag 4. desember

Kl.20.00 Lysmesse i kyrkja. Vikarprest Mikael Bruun og kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik.

Konfirmantane tek del.

Julafta

Kl.12.00 Julegudsteneste på Leikanger sjukeheim

Kl.12.00 Julenatt i Leikanger. Kyrkja. Kollekt til

Kirkens Nødhjelp

Kl.14.30 Julenatt i Leikanger. Kyrkja. Kollekt til

Kirkens Nødhjelp

Kl.16.00 Julenatt i Leikanger. Kyrkja. Kollekt til

Kirkens Nødhjelp

Juledag

Kl.12.00 Høgtidsgudsteneste i kyrkja. Ungdomsprest

Andreas Danbolt og sokneprest Egon Askvik.

Leikanger mannskor tek del. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

Nyårsafta

Kl.16.00 Minnegudsteneste i kyrkja. Me minnest dei som døyde i 2016.

Vikarprest Mikael Bruun.

JANUAR

Sundag 8.januar Kristi openberringsdag

Kl.11.00 Gudsteneste. Andreas Danbolt og Hallgeir Øgaard Westli

Sundag 22.januar 3.søndag etter Kristi openberringstida

Kl.13.00 Lys-vaken-gudsteneste på Lyngmo i samband med leir for 11-åringane. Kjell Olav Høstaker Nordheim, Hallgeir Øgaard Westli og Monica Ugulsvik

Kl.19.00 Kveldsgudsteneste. Mikael Bruun og Hallgeir Øgaard Westli.

FEBRUAR

Sundag 5.februar 5.søndag etter Kristi openberringstida

Kl.11.00 Gudsteneste Mikael Bruun og Hallgeir Øgaard Westli.

Sundag 19.februar Kristi forklåringsdag

Luk 6, 20-23

Kl.11.00 Gudsteneste Mikael Bruun, Hallgeir Øgaard Westli og Monica Ugulsvik.

Utdeling av biblar til 11-åringar.

MARS/APRIL

Sundag 5.mars 1.søndag i faste

Kl.11.00 Gudsteneste Mikael Bruun og Hallgeir Øgaard Westli.

Søndag 19. mars 3.søndag i faste

Kl.11.00 Gudsteneste Mikael Bruun

Søndag 26.mars Maria bodskapsdag

Kl.19.00 Salmar&kaffi Mikael Bruun, Kjell Olav Høstaker Nordheim, Andreas Danbolt, Hallgeir Øgaard Westli og Arild Slinde

Søndag 2.april 4.søndag i faste

Kl.11.00 Gudsteneste Mikael Bruun og Arild Slinde

